



Saksframlegg

Budsjett 2016, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Utval	Utvallsak	Møtedato
Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne

Dokument i saka:

Økonomiplan 2016-2019 og budsjett 2016.

Bakgrunn for saka:

Kommunestyret vedtok 10.12.15 budsjettet for 2016.

Rådet har kr 20 000,- for disposisjon i 2016.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 – 2019, vi opprettheld og brukar det økonomiske handleromet.

Rådet har medlemmar og representantar oppnemde av pensjonistlaget, FFO, SAFO og ein kommunestyrerepresentant.

Tidlegare år har rådet bruka dei pengane dei har hatt til rådighet på, mellom anna kurs og konferansar, dataopplæring.

Rådet må finne ut kva dei vil prioritere i 2016.

Rådet bør sette opp eit budsjett over kva dei ynskjer å nytte midlane dei har til disposisjon til. Utgifter til møtegodgjersle og sekretær skal ikkje vere ein del av dette budsjettet.

Rekneskap 2015:

Kurs/konferansar,	kr 2 057,-
Reiseutgifter til kurs/konferansar	kr 300,-
Diverse, blom	kr 60,-
Møtemat	kr 1 054,-

Sum kr 3 471,-

Konklusjon:

Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne må prioritere bruken ved å setje opp eit enkelt budsjett for kr 20 000,- dei har til disposisjon.

Innstilling frå rådmannen:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar